



## Nynorsk kultursentrum

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Boks 7900  
5020 BERGEN

Vår ref.: 444-156 OG

Hovdebygda, 26. september 2014

### Høyringsfråsegn om regional kulturplan Hordaland 2015–2025

Styret i Nynorsk kultursentrum har i møte 25.9.2014 drøfta høyringsutkastet *Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025*. Nedanfor gir vi nokre overordna merknader og meir spesifikke kommentarar og forslag til enkeltpunkt i dokumentet.

Hordaland fylkeskommune har vore ein av stiftarane våre like sidan 1993. Det meiner vi forpliktar både oss og fylkeskommunen, og vi vonar det også skal gi fylkeskommunen nokre fordelar.

Framlegget til kulturplan er eit solid dokument med mange viktige opplysningar, analysar og tiltak. Det gjer dette til eit viktigare dokument enn ein meir ordinær kulturplan ville ha vore. Prosessen med den regionale kulturplanen i 2011–2012 fann vi uoversiktleg og langdryg, og vi vonar arbeidet denne gongen blir avslutta i klare former og raske vedtak.

#### Overordna merknader

Alt overskrifta «Ein leiande europeisk kulturregion» i det første kapitlet markerer vilje til ambisjonar. Det er lett å slutte seg til ei slik tenking, sjølv om omgrepet «region» blir brukt om heilt ulike geografiske område berre i denne planen. Då er det enklare å vurdere og slutte seg til premissen om kunnskapsbasert kulturpolitikk (s. 16). Planen dekkjer eit langt tidsrom, og alt no er det svært sannsynleg at iallfall kommunestrukturen i fylket ser annleis ut i 2025 enn i 2015. Slike hypotetiske endringar er det vanskeleg å ta høgd for i ein plan, men det kan innebere at plandokumentet bør reviderast lenge før 2025 og at fylkeskommunen tek sikte på det på eige initiativ.

Dokumentet er ikkje a jour med dei siste vedtaka i kultur- og ressursutvalet vinteren 2014. Der blei det slått fast at Nynorsk kultursentrum skal reknast med blant dei konsoliderte musea i fylket. Likevel står det som i eldre dokument at Hordaland har ni, ikkje ti, konsoliderte museum, til dømes s. 25. Dette inneber at lista over museum på s. 42 må reviderast. Nemninga «konsoliderte museum» er i alle høve neppe særleg tenleg lenger no som dei ulike samanslåingsprosessane er avslutta i denne omgang. Det er interessant at Ulvik herad er mellom dei kommunane som i åra 2003–2011 auka kulturloyvinga mest, heile 34 % (s. 17). Arbeidet med Hauge-senteret og Ulvik poesifestival er nok ei av forklaringane på dette.

*Festivalane* knapt er nemnde i denne planen. Vi finn dei berre under punkt 8 E i handlingsplanen. Då er det lett å oversjå at festivalar er noko meir enn tidsavgrensa kulturarrangement. Også festivalar, iallfall dei som er godt drivne over tid, er



kunnskapsorganisasjonar som veit mykje om sin del av kulturfeltet. Svært mange av festivalane driv for seg sjølve, profesjonelt eller på meir frivillig basis men nokre er knytte til institusjonar, til dømes Ulvik poesifestival som frå 2014 er ei avdeling i Olav H. Haugesenteret.

Vi applauderer at *nynorsk kulturstrategi* er eit av seks innsatsområde innanfor «formidling og deltaking» i kapittel 5. Det vitnar om eit vidare syn på kulturpolitikk enn ein ofte finn på det fylkeskommunale nivået, men det stiller også krav til nokre samanhengar som no manglar. Desse tek vi op undervegs nedanfor.

I høyringsfråsegna vår 15.4.2011 om framlegget til regional museumsplan la vi særleg vekt på at både vi og dei fleste andre kulturinstitusjonane er sjølvstendige tiltak utanfor det offentlege forvaltningsområdet. Vi peika på at planen mangla ei drøfting av kva fylkeskommunen formelt kan styre og kva fylkeskommunen reelt bør styre. Institusjonar som fylkeskommunen eig fullt ut eller er majoritetseigar i, er å rekne som fylkeskommunale forvaltningsorgan. Sjølvstendige institusjonar stiller det seg annleis med. Desse kan fylkeskommunen til vanleg berre styre gjennom rammevilkår og formelle føresetnader for løyving. Innhaldet i verksemda kan fylkeskommunen derimot ikkje styre. I dette spørsmålet har Nynorsk kultursentrum overfor Stortinget og Kulturdepartementet konsekvent framheva sjølvstendet vårt. Innhaldet er vårt ansvar og ingen andre sitt.

Dette synspunktet framhevar vi også i arbeidet med den regionale kulturplanen av di dette handlar om ei grunnleggjande forståing av maktgrenser og styringsformer. Særleg viktig blir dette når det i planen blir teke til orde for at kulturplanen skal vere eit «samordnande styringsdokument» for både stat, fylke og kommune (s. 4).

Framlegget til kulturplan er økonomisk uforpliktande, men må bli økonomisk forpliktande for dei økonomiske langtidsplanane fylkestinget vedtek. Etter det vi veit, har kulturbudsjettet vore under sterkt press i fylkeskommunen i lengre tid. Berre av den grunn venta vi å finne eit kapittel som gjer greie for utviklinga i den fylkeskommuneale kulturøkonomien. I denne planen blir det tala om løft på ulike område, Vansken er at ingen av tiltaka kostnadsrekna, og det er heller ikkje presisert kva tiltak som faktisk ikkje har eller treng ha budsjettkonsekvensar. Generelt bør flest mogleg av tiltaka i handlingsprogrammet formulerast tydelegare som tiltak; no er mange av dei meir for mål å rekne. Av dette følgjer også at tidsrom for tiltaka bør presiserast der det er mogleg og gir mening.

### Merknader til analysedelen

I kap. 2.3 om statleg kulturpolitikk bør *St.meld. nr 35 (2008-200) Mål og mening Ein heilskapleg språkpolitikk* omtalast på linje med andre stortingsdokument. Stortinget slutta seg våren 2009 til alle hovudlinjene i meldinga, og regjeringa Solberg har gjort det klart at dei byggjer vidare på denne meldinga, men at dei ikkje kjenner seg bundne av den tiltaksplanen som ikkje blei følgd opp av den førre regjeringa. Det vide perspektivet på språkpolitikk i meldinga skaper samanhengar i språkpolitikken som også får følgjer for fylkeskommunane.

I kap. 2.5 om *verkemiddel og støtteordningar* heiter det på s. 14 at «tilstrekkeleg kvalitet og relevans» er ein føresetnad for tildeling av midlar til institusjonar og tiltak. Korleis fylkeskommunen skal vurdere kvalitet og relevans, står det derimot ikkje noko om, men ein presiserer at ein vil skilje mellom profesjonelle og amatørar. Det er forståeleg at emnet ikkje blir utdjupa, men når desse to omgrepa blir omtala som føresetnader, må det også seiast noko om kva fylkeskommunen vil gjere og ikkje gjere for å unngå vilkårlege vurderingar. Vi rår sterkt frå å gå den danske vegen i retning av forsøk på å kvantifisere kvalitet. Emnet vil



vere relevant for ein fylkeskulturkonferanse med vidare oppfølging i kultur- og ressursutvalet.

*Nynorsk kulturstrategi* er omtalt på s. 36, men der er også eit viktig premissdannande avsnitt om dialektar og litteratur i Hordaland på s. 24. For oss er dette kjernepunktet i planen. Mykje kunne leggjast til, men vi avgrensar oss til å framheve kor viktig Hordaland faktisk er i nynorsk skriftkultur, individuelt og institusjonelt. Meiningsdanning og praksis har både med økonomi og posisjon å gjere, og langs begge desse variablane er Hordaland eit svært viktig område. Den faktiske bruken av nynorsk forsterkar dette poenget.

Med nær 24 000 nynorskelevar i grunnskulen har Hordaland 31 % av alle nynorskelevane i landet. Dette gjer Hordaland til det strøste nynorskfylket i grunnskulen. For ti år sidan budde 30 % av nynorskelevane i fylket, og for 20 år sidan 29 %. Hordaland er eitt av tre fylke med eiga nynorsk teaterscene, eit sterkt skjønnlitterært forfattarmiljø, stor produksjon av nynorsk sakprosa mellom anna frå Universitetet i Bergen og ulike høgskular, og både i Hordaland og Møre og Romsdal kjem det ut 18 aviser som er redigerte på nynorsk. Det vil seie at tre av ti nynorskaviser kjem ut i Hordaland. Derimot ligg ingen nynorskprofilerte forlag i Hordaland, medan Sogn og Fjordane har to. I 2012 kartla Nynorsk kultursentrum nynorskbrukande kulturinstitusjonar og -organisasjonar på Vestlandet. Vi fann bort imot 100, og mange av desse held til i Hordaland. Av 40 nynorskbrukande festivalar blir 20 arrangerte i Hordaland.

Vi ønskjer at Hauge-senteret skal kunne spele ei rolle i arbeidet med *lesing og formidling av litteratur* (analysedel s. 55–56). Hauge-senteret arbeider med Olav H. Hauges liv og verk og lyrikk i mange former på tvers av språkgrensar. Det er ei svær oppgåve, men i planperioden vil Hauge-senteret ikkje minst arbeide med lyrikk i mange former også innanfor fylkesgrensene. Senteret dekkjer både dikt og song, norsk og omsett, amatørers høvesdikt og den profesjonelle songlyrikarers verk.

I 2012 signerte Hordaland fylkeskommune ein intensjonsavtale om samarbeid med Háskóli Íslands og fleire andre norske institusjonar om fagleg e bidrag til eit internasjonal språksenter som blir planlagt i Reykjavík. Diverre har manglande finansiering bremsa det islandske arbeidet kraftig, men Nynorsk kultursentrum leier arbeidet i ei fagleg arbeidsgruppe der fylkeskommunen er med, og målet er at dette seteret skal bli ein realitet i planperioden. Det følgjer inga økonomisk plikt med denne avtalen, og prosjektet bør i alle høve omtalast all den tid fylkeskommunen er formelt involvert.

Det er sannsynleg at nye større prosjekt og tiltak kjem til eter lokale, private eller institusjonelle initiativ i planperioden. Det ville vere bra om det endelege plandokumentet seier noko om korleis fylkeskommunen vil arbeide med slike initiativ. Då veit både politikarar, administrasjon og initiativtakarar litt om kva som gjeld.

### **Merknader til handlingsprogrammet**

I tråd med strategien om ein kunnskapsbasert kulturpolitikk ønskjer Nynorsk kultursentrum å tilby tenester i form av dokumentasjon og analyse særleg på områda språk og litteratur. Difor føreslår vi eit nytt punkt under 6 *Nynorsk kulturstrategi* på s. 4:

<b>Tiltak</b>	<b>Språkfakta Hordaland 2017</b>
Ansvar	Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga
Partnarar	Nynorsk kultursentrum

Vi gjorde eit slikt arbeid for Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2012. Fylkeskommunen (og andre) har openbert hatt nytte av dette etterpå, både som kunnskapskjelde og som grunnlag for nye større tiltak. Dei få momenta vi nemner ovanfor om nynorskens plass i Hordaland i dag, kan utdjupast vesentleg i ein slik analyse på om lag 100 sider.

I analysedelen blir nokre funn frå ei undersøking i 2012 presentert (s. 18–19). Per i dag har dei færraste institusjonane god nok kunnskap om korleis tenestene og tilboda deira faktisk blir brukte. Vi føreslår at denne blir følgd opp med ei *innbyggjarundersøking* i 2016 eller 2018, avgrensa til fem – åtte kommunar, der ein spør innbyggjarane kva kulturtilbod dei bruker, kor ofte dei har vore på t.d. arrangement i Hauge-senteret. På den måten får både institusjonane og fylkeskommunen meir presis kunnskap om korleis tilboda når ut og kva problem institusjonane eventuelt slit med.

To viktige avsnitt i arbeidet med å skape ein leiande europeisk kulturregion er avsnitta om *kulturregion Vestlandet* og *internasjonalisering* på s. 39–40 i analysedelen. Desse blir i tiltaksdelen følgde opp med m.a. eit forslag om ei kulturhistorie for Nordsjø-landa (handlingsdelen s. 6). Det er også aktuelt å utvide *Vestlandets historie* med eit band 5 om det internasjonale fylket. Nynorsk kultursentrum er gjerne med i slike kulturhistoriske arbeid; det ser ut til at vi driv det einaste språkmuseet i Nordsjø-området.

Under 16 *Museumsløft* på s. 8 ek vi til orde for eit årleg kontaktmøte mellom fylkeskommunen og musea. Ved at ein slikt møte blir halde på skiftande museum frå år til år, får alle betre innsyn i arbeidet på kvar stad. Musea er med i ulike nasjonale og eventuelle internasjonale nettverk. Nynorsk kultursentrum er på veg til å etablere eit globalt nettverk for språkmuseum med utgangspunkt i Ivar Aasen-tunet, og som det einaste nasjonale museet for Lyrikk vil Olav H. Hauge-senteret no etablere regelmessig kontakt med tilsvarende institusjonar i andre land. Slike årlege kontaktmøte kan sikre både erfaringsutveksling og utvikling av kompetanse innanfor den fellesskapen musea bør utgjere i fylket.

Under 31 *Bibliotek til barn og unge* føreslår vi eit nytt tiltak:

<b>Tiltak</b>	<b>Nynorsk barnelitteraturveke kvart år frå 2016</b>
Ansvar	Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga
Partnarar	Nynorsk kultursentrum v/Hauge-senteret, Norsk Forfattarsentrum Vestlandet, fylkesbiblioteket

Målet er å informere både bibliotek og foreldre om kva som faktisk finst, og kor bra denne litteraturen er. Dette har vi gjort i eit avgrensa format i Møre og Romsdal i fleire år med arrangement på utvalde bibliotek. Røynsla er god både hos samarbeidspartnarane og oss. Lyrikk for born ør vere ein sjølvsgd del av eit slikt tilbod.

Under 33 *Lesing og formidling av litteratur* føreslår vi eitt nytt tiltak:

<b>Tiltak</b>	<b>Forfattarar og songdiktarar i Hordaland 1945–2020</b>
Ansvar	Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga
Partnarar	Nynorsk kultursentrum v/Hauge-senteret, Norsk Forfattarsentrum Vestlandet, fylkesbiblioteket, Bergen off. bibliotek

Eit siste spørsmål vi ønskjer å peike på, er den enorme kulturskatten som *Einar Økland* (fødd 1940) har samla i mange tiår. I tillegg til å vere ein av dei fremste og mest allsidige norske forfattarane dei siste femti åra, er han ein framifrå og uvanleg kulturhistorikar. Samlinga hans med sine mange objekt og skrifter innanfor både litteratur ,



musikk og biletkunst sprengjer truleg rammene for kva ein kommune og nokon enkeltinstitusjon kan ta imot. Tida er inne for å setje dette på den kulturpolitiske saklista i fylket, og Nynorsk kultursentrum tek svært gjerne del i slike drøftingar der utgangspunktet sjølv sagt må vere kva Økland sjølv tenkjer om framtida for samlinga si.

Nynorsk kultursentrum utdjupar gjerne synspunkta i denne høyringsfråsegna etter behov.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm (s)  
styreleiar

  
Ottar Grepstad  
direktør